



Roy Kristiansen  
Vågslien 70  
5113 TERTNES

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/13250 - 20/55733

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
08.09.2020

## Fortsatt manglar ved søknaden - gbnr 324/28 Langeland

Tiltak: tilbygg på bolig  
Byggjestad: Gbnr: 324/28  
Tiltakshavar: Ruben André Soltvedt  
Ansvarleg søkjar: Roy Kristiansen

Kommunen viser til søknad om tiltak motteke 07.07.2020, etterspurt dokumentasjon i brev datert 15.07.20 og ditt svar av 17.07.20.

Søknaden har framleis manglar og kan ikkje handsamast før kommunen har motteke supplerande dokumentasjon:

1. Målsatte planteikningar med rominndeling som viser tiltaket før og etter tilbygget inklusiv eksisterande og ny terrasse.
2. Opplysningar om tiltakets ytre rammer skal opplyse om bruksareal før og etter i tillegg til bygd areal. Det er uklart kva er storleik på tilbygg inklusiv ny terrasse. Om tiltaket har bruksareal på under 100 m<sup>2</sup> så krev ikkje tiltaket dispensasjon sidan det ligg i LNF-spreidd område for bustad.
3. Gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett er mangelfulle då ingen har ansvar for PRO arkitekturprosjektering og PRO- utearealer og landskapsutforming.
4. På situasjonskart er det ikkje vist ny plassering av terrasse som skal flyttast mot vest. Fasade mot nord viser terrasser på tre sider av bustad. Dette er ikkje vist på kartet.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **08.10.20**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Roy Kristiansen  
Ruben André Soltvedt

Vågslien 70  
Bustølvegen 90

5113 TERTNES  
5919 FREKHAUG